

# Barne og ungdomsarbeidar

## *Ullensvang kyrkjelege fellestråd*

*Ullensvang er ein kommune i Hardanger som har om lag 11 000 innbyggjarar og med Odda som kommunesenter.*

*Det er 2,5 timar til Bergen og 2 timar til Haugesund. I nær tilknyting ligg flotte fjell og turområde til Trolltunga og Dronningstien, med Røldal som ein stor vintersportsstad og Jondal med sommarskisenteret på Folgefonna.*

*Kommunen har eit rikt kulturliv og kyrkja har eit godt samarbeid med andre aktørar i nærområdet. I Ullensvang kyrkjelege fellestråd har me 8 sokn og kyrkjer, 8 gravplassar, eit gravkapell og eit krematorium. I fellestrådet har me i tillegg til kontortilsette også kyrkjetenarar, kyrkjegardsarbeidar, organistar og kantorar, trusopplærar og diakon. Me har også fleire prestar saman med oss i staben.*

### **BARNE- OG UNGDOMSARBEIDAR / TRUSOPPLÆRAR 60% FAST STILLING**

#### **Arbeidsoppgåver**

- Planlegga og gjennomføra trusopplæringsarbeidet i samarbeid med tilsette og frivillige.
- Ta del i samarbeidet kyrkje - skule/barnehage.
- Delta i det kyrkjelege arbeidet for born i sokna
- Vera med å utvikle nye tilbod for born og unge

#### **Kvalifikasjonar**

- Relevant høgare utdanning med vekt på kristendom og/eller pedagogikk. Relevant erfaring og personlege eigenskapar kan kompensera for manglande utdanning.
- Erfaring frå og interesse for arbeid med born og unge.
- Erfaring med frivillig arbeid
- Gode kommunikative evner.
- Krav om medlemskap i Den norske kyrkja.

#### **Personlege eigenskapar**

- God formidlingsevne i møte med barn og unge.
- Evne til å skapa engasjement, bygga tillit og å finne løysingar saman med andre.
- Evne til å arbeida både strukturert og sjølvstendig.
- Interesse og engasjement for å skape ei levande kyrkje
- Nytenkande og kreativ, ikkje redd for å prøve og feile

**Me kan tilby**

- Løn i samsvar med Den norske kyrkja sitt avtaleverk
- Gode forsikringsvilkår og pensjonsordning i KLP.
- Eit godt miljø og samarbeid med andre motiverte kyrkjelege tilsette.
- Stor påverknad på eigen arbeidskvardag

**Anna**

- Arbeidsstad for tida er Ullensvang, Kinsarvik, Utne og Jondal sokn.
- Stillingsstorleik kan tilpassast.
- Ein må rekna på noko kvelds- og helgearbeid.
- Godkjend politiattest må leggjast fram før tilsetjing.
- Gyldig førarkort og høve til å nytta eigen bil i stillinga.

Spørsmål om stillinga kan rettast til kyrkjeverje Oddbjørn Vestbøstad, mobil 92 33 29 05, e-post [oddbjorn.vestbostad@ullensvang.kyrkjer.no](mailto:oddbjorn.vestbostad@ullensvang.kyrkjer.no).

Søknadsfrist 5. juni.